

## Stillingsomtalar for Arbeidsutvalet i Studentparlamentet i Volda

Studentparlamentet er av og for studentane ved Høgskulen i Volda. Arbeidsutvalet (AU) og representantane i Studentparlamentet jobbar saman for eit aktivt studentdemokrati.

AU fylgjer Studentparlamentet sine styringsdokument, og arbeider for å oppfylle Studentparlamentet sitt mandat. AU førebur saker og utfører vedtak gjort av Studentparlamentet. AU sørgjer for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar langsiktig for å ivareta studentane sine interesser.

AU har faste møter ein gong i veka. Medlemene i AU kan tildelast arbeidsoppgåver utover det som står i stillingsomtalen, og avlastar kvarande ved behov. Medlemmane i AU prioriterer dette vervet framfor andre frivillige verv. AU sikrar god kontinuitet i studentdemokratiet og sørgjer for at eit nytt studentparlament vert oppretta kvart studieår. Avtroppande AU-medlemmar utvekslar erfaringar med påtroppande AU-medlemmar, og er tilgjengelege i ein overlappsperiode på ein månad etter endt verv.

AU er også ansvarlege for styret i Fadderveka, og legg til rette for at fadderstyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av Fadderveka. AU bidreg til ei god evaluering av Fadderveka kvart år.

Verva i AU er honorerte etter fastsette satsar 11 mnd. i året (unnateke juli). Satsane for honorar er regulerte av Samarbeidsavtalen mellom Studentparlamentet og Høgskulen i Volda.

### Verv i AU i Studentparlamentet:

- Leiar
  - Fagansvarleg
  - Informasjonsansvarleg
  - Velferdsansvarleg
  - Internasjonalt ansvarleg
- 
- *Nestleiar – vald av Studentparlamentet blant medlemmane i AU*
  - *Ordstyrar til møta i Studentparlamentet – er ikkje ein del av AU, men er eit honorert verv.*

## Leiar

- Er ansvarleg for at det daglege arbeidet i Studentparlamentet vert utført, og koordinerer og prioriterer arbeidsoppgåvene til medlemene og organisasjonsrådgjevar i AU.
- Er hovudansvarleg for at fatta vedtak blir iverksette.
- Representerer Studentparlamentet utad på ein ryddig måte, og har hovudansvar for mediehandtering.
- Ivaretek og vidareutviklar kontaktnettet til Studentparlamentet.
- Deltak på leiingsmøte med leiinga ved HVO og SiVolda saman med nestleiar.
- Leiar arbeidet med utdeling av Studentprisen.
- Er kontaktperson for faddervekestyret
- Har hovudansvar for etablering av nytt faddervekestyre
- Er fast representant i Studentrådet til UH-nett Vest.
- Er fast studentrepresentant i Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO).

## Fagansvarleg

- Fylgjer opp studierelaterte saker for Studentparlamentet.
- Er kontaktperson for dei tillitsvalde studentane på studieprogramma har ansvar for opplæring og oppfølging av dei.
- Hovudansvar for å arrangerer for allmøte for tillitsvalde 3-4 gonger i løpet av studieåret
- Sikrar god informasjon ut til studentmassen om tillitsvaldordninga, gjennom bl.a. oppdatering av tillitsvaldhandboka, i samarbeid med informasjonsansvarleg.
- Er fast studentrepresentant i Utdanningsutvalet ved HVO.

## Velferdsansvarleg

- Fylgjer opp saker knytt til studentvelferd for Studentparlamentet.
- Er kontaktperson for alle studentlag, studentorganisasjonar og -festivalar ved HVO. Hovudansvarleg for å arrangere stand-dagar/organisasjonstorg minst 1 gong i semesteret
- Held kontaklinformasjonen til lag og organisasjonar oppdatert, og sikrar at dei får oppdatert info om å søkje på velferdsmidlar.
- Bidreg til å arrangere sosiale aktivitetar internt i Studentparlamentet.
- Er fast studentrepresentant i Læringsmiljøutvalet (LMU) ved HVO.
- Ansvarleg for *Engasjer deg* brosjyra som skal ligge i fadderveka nettet
- Ansvarleg for sosiale arrangement for Studentparlamentet, t.d. juleavslutning og sommaravslutning

## Informasjonsansvarleg

- Har ansvaret for Studentparlamentet sin grafiske profil
- Utforming av profilerings- og informasjonsmateriell, både fysisk og digitalt, slik som fysiske banner, flyerar, t-skjorter og digitale banner/plakatar
- Har hovudansvar for å halde våre sosiale medium oppdaterte.
- Promoterer Studentparlamentet sine aktivitetar og arrangement
- Samarbeider med kommunikasjonsavdelinga ved HVO.
- Er fast studentrepresentant i Valstyret ved HVO

## Internasjonalt ansvarleg

- Jobbar for best mogleg inkludering av internasjonale studentar ved HVO, blant anna gjennom samarbeid med Pangaia og arrangering av Buddyweek.
- Arbeider saman med internasjonalt kontor for å sikre utanlandske studentar sine rettar ved HVO
- Er hovudansvarleg for Studentparlamentet sine oppgåver knytt til Norwegian Night.
- Er kontaktperson til Studentenes og Akademikernes internasjonale hjelpefond (SAIH) og har førsterett til å delta på SAIHs landsmøte.
- Leiar arbeidet med utdeling av Prisen for internasjonalisering.
- Er fast studentrepresentant i Internasjonalt utval ved HVO.

## Nestleiar

- Vert vald av Studentparlamentet blant medlemmane i AU.
- Er leiars stadfortredar ved behov.
- Deltak på leiingsmøte saman med leiar.
- Er førstevara for leiar i Studentrådet i UH-Nett Vest.
- Får ei litt større ansvarsrolle i det vervet ein har elles i AU for å utvikle det
- Bidrar noko ekstra for å avlaste leiar og resten av AU

## Ordstyrar

Ordstyrar leiar møta til Studentparlamentet, og sørgjer for ryddig saksframlegging og ein god møtekultur. Ordstyrar er nøytral, og fremjar ikkje egne synspunkt eller tek stilling i saker. Ordstyrar legg til rette for inkluderande og trygge møter der alle får kome til ordet.